
Saksnr: 2020/1734-26
Saksbehandlar: Erlend Hofstad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.02.2021

**Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap -
handsaming av klage**

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering tildeler tilskot frå statsbudsjettet 2020 kap. 1429 post 71 tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap til fyljande prosjekt:

Søkjjar	Objekt	Tildeling
Jørgen Jørgensen	Møllersalen, hovudbygning	38 000

2. Tilskotet vert dekkja av ubrukte midlar til strakstiltak. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for bruken av tilskotet.

Samandrag

Hovudutval for kultur, idrett og integrering gjorde i sak PS 50/2020 vedtak om fordeling av tilskot frå statsbudsjettet 2020 kap. 1429 post 71 til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap. Det er kome inn ein klage på vedtaket. Klagen gjeld avslag på søknad frå Jørgen Jørgensen om tilskot til bygningen Møllersalen. På bakgrunn av opplysningar i klagen og ei samla, ny vurdering, vert det føreslått at klagen vert tatt til følgje, og tiltaket vert tildelt tilskot på kr 38 000,-

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektørDavid Aasen Sandved
seksjonssjef*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

1 Klage på vedtak

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hovudutval for kultur, idrett og integrering gjorde i sak PS 50/2020 vedtak om fordeling av tilskot frå statsbudsjettet 2020 kap. 1429 post 71 til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap. Det er kome inn ein klage på vedtaket. Klagen gjeld avslag på søknad frå Jørgen Jørgensen om tilskot til bygningen Møllersalen. Avslaget vart grunngjeve slik: «Tiltaket inneber ei naudsynt istandsetting, men sidan det allereie er utført kan det ikkje støttast.»

Søknaden gjaldt tilskot på kr 50 000,- av totalkostnad kr 63 981,- til istandsetting av ei mura, kalkpussa trapp på vestveggen av Møllersalen, hovudbygning. Av søknaden gjekk det tydeleg fram at tiltaket var utført i 2019. I søknaden vart dette forklart med at forfallsprosessen i muren var raskt aukande, og at både eigar og handverkar vurderte det som viktig å få arbeidet utført før vintersesongen.

Vedtaket om avslag vart påklaga innan klagefristen. I klagen vert det m.a. vist til at søkjaren tidlegare i same tilskotsordning har fått tilskot til tiltak som alt var utført, og at tiltaket vart karakterisert som hastetiltak ved tilstandsregistreringa som fylkeskommunen gjorde i 2018.

Fylkeskommunen vurderer at kjernesporaet er kor vidt det at eit tiltak er utført før det vert søkt om tilskot, åleine er grunn til å avslå søknaden. Slik fylkeskommunen les dei styrande dokumenta for tilskotsordninga (rundskriv frå Klima- og miljødepartementet mv.), er ordninga retta mot tiltak som er planlagde, men ikkje utført enno. Dette er likevel ikkje direkte formulert, men går fram meir indirekte. Dette gjeld òg den omtalen av tilskotsordninga som låg på Hordaland fylkeskommune sine heimesider då søknaden vart sendt inn hausten 2019. Fylkeskommunen har fleire gonger gjort unntak frå denne hovudregelen i særskilte tilfelle, m.a. når det har vore viktig at tiltak vart utført raskt for å unngå ytterlegare skade, og der dette har vore avklara med fylkeskommunen i forkant av gjennomføring. I klagen viser søkjaren til at han tidlegare har fått tilskot til tiltak som alt var utført. Dette gjeld eit tilskot frå 2013. At tiltaket var ferdig utført, vart ikkje kommentert eller problematisert i vurderinga den gongen. Dette gir ikkje i seg sjølv presedens, sidan dette tilfellet ligg sju år tilbake i tid og føresetnadene for tiltaket kan ha vore annleis. Men det er forståeleg at grunngjevinga for avslaget synast lite rimeleg frå søkjarens ståstad.

I klagen vert det vist til at tiltaket vart karakterisert som eit hastetiltak ved tilstandsregistreringa som fylkeskommunen gjorde i 2018. I rapporten frå tilstandsregistreringa er det ved ein inkurie ikkje ført inn opplysningar eller sett ein tilstandsgrad for den mura trappa som saka gjeld. Skjemaet frå tilstandsregistreringa gav difor ikkje inntrykk av at det her låg føre ein akuttsituasjon. Medarbeidaren som utførte tilstandsregistreringa, slutta i fylkeskommunen før tilskotssøknaden vart handsama. Vurderingane og kommunikasjonen med søkjar som vart gjort ved tilstandsregistreringa, låg difor ikkje til grunn ved handsaminga av tilskotssøknaden. Det er prisverdig at søkjaren tok initiativ til istandsettingstiltaket, og det er forståeleg at dialogen ved tilstandsregistreringa vart oppfatta som eit samtykke til at tiltaket vart sett i gang. Tiltaket er utført av kvalifisert handverkar og på ein kulturminnerfagleg forsvarleg måte.

På bakgrunn av desse tilhøva vert det difor føreslått å ta klagen til følgje og gi tilskot til Møllersalen hovudbygning, eigar Jørgen Jørgensen. Søknadssummen utgjer 78 % av samla kostnad. Dette er høgt, jf. føringane om at tilskot skal gå til antikvariske meirkostnader, som normalt ikkje utgjer meir enn 50-70% av totalkostnadene. Det vert også teke omsyn til at tiltaket gjeld eigen bustad. Difor vert det føreslått eit tilskot på 60 % av totalkostnaden, dvs. kr 38 000,-. Tilskotet vert dekkja av ubrukte midlar til strakstiltak.

Vedtakskompetanse

Vedtaksmynde i denne saka er heimla i Reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering: 3 Saker der utvalet har avgjerdsmunde:

- Fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor sitt arbeidsområde

Klage på einskildvedtak skal handsamast på ny i vedtaksorganet, før saka vert sendt over til klageinstansen for endeleg avgjerd, jf. Rettleiar i tilskotsforvaltning for avdeling for Kultur, idrett og integrering.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Saka gjeld fordeling av øyremarka midlar frå statsbudsjettet og påverkar difor ikkje andre sider ved fylkeskommunen sin økonomi.

Klima: Istandsetjing av bygningsarven er eit godt klimatiltak. Ved å kunne nytte eksisterande bygningar i eit langt perspektiv vil ein kunne redusere behovet for nybygg.

Folkehelse: Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutval for kultur, idrett og integrering til å gjera vedtak i tråd med framlegget.